

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Svein Halleraker opplyste om at han var inne som rådgjevar på Moster Amfi i samband med byggemessige utbetringar.

Utvalet vedtok at Svein Halleraker var ugild, og han gjekk frå, jfr. forvaltningslova § 6 (..andre særegne forhold..).

Det var 11 representantar til stades.

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalet:

« Kultur- og ressursutvalet vedtek følgjande endringar i forslag til fordeling av tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar over budsjettpost 10.400.780.00.14700:

Bergen Fyllingsdalen Teater	kr 250.000
Bergen Wrap	kr 250.000
Bømlo Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter	kr 950.000»

Grunngjeving:

Moster Amfi står foran nødvendig vedlikehald og utskifting av stolseter, og treng eit høgare bevilga beløp for å starte prosjektet. I tillegg eig Hfk 50% av Moster Amfi og har eit ansvar for å ta vare på anlegget.

Kultur- og ressursutvalet definerer Fyllingsdalen Teater som eit teater som har regionale funksjonar.

### Røysting

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

### Vedtak

KOMMUNE	SØKJAR	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Bergen	Grieghallen		Avsetning	kr 3 400 000
Askøy	Nye Herdla Museum	kr 9 000 000	kr 3 000 000	Avslag
Bergen	Norges Fiskerimuseum	kr 85 200 000	kr 3 000 000	Avslag
Bergen	Gamle Bergen Museum	kr 32 000 000	kr 5 000 000	kr 2 000 000
Bergen	Fyllingsdalen teater	kr 41 172 000	kr 13 724 000	kr 250 000
Bergen	S12 Galleri og Verksted AS	kr 2 573 750	kr 400 000	Avslag
Bergen	Wrap	kr 3 024 199	kr 1 008 000	kr 250 000
Bømlo	Moster Amgi og kyrkjehistorisk senter	kr 6 000 000	kr 2 000 000	kr 950 000
Kvam	Hardanger Fartøyvernssenter	kr 4 000 000	kr 2 000 000	Avslag
Odda	Lindehuset	kr 2 000 000	kr 665 000	Avslag
Stord	Sunnhordland Museum	kr 31 210 800	kr 4 000 000	kr 1 886 000
Sund	Nordsjømuseet i Telavåg	kr 1 329 864	kr 700 000	kr 443 000